

Ungt Blod-konserten vart ein knallsuksess

22.02.2009



43 grønkledde musikantar fylte Samfunnshuset i Rosendal med vellyd sundag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dette var sanneleg ein konsert til å få bakoversveis av!**

**Årets samarbeidsprosjekt mellom skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen vart som spådd sin knallsuksess og musikalsk sett var resultatet om mogeleg enda betre enn etter fjorårets prosjekt med Frank Brodahl.**

**Applausen ville ingen ende ta og det måtte ekstranummer til for dei vel 200 som fylte nesten alle plassar i samfunnshuset i Rosendal sundag kveld.**



Kornettrekka under konserten i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eller for straks å gje ordet til Pål Magne Austnes, framifrå tubaist frå Møre som hadde arrangert heile avdelingen med låter av Young Blood Brassband og instruert dei vel 40 unge musikantane:

- Dette har vore ei kjekk oppleving og eg er stolt av jobben som dykk har gjort. Repertoaret her i kveld blir gjerne spela på elite-nivå. At unge som knapt er bleietørre mestrar ei slik oppgåve så bra står det stor respekt av!



Pål Magne Austnes er ein allsidig musikar, han spelar ikkje berre tuba. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjeldan eller aldri har vi for vår del opplevd at skulekorps spelar med slik sikkerheit og presisjon. Det prega også første avdeling, som hadde stor musikalsk vidde. Korpset varma skikkeleg opp med to stykke av Stevie Wonder – den siste var den velkjende "Sir Duke" som er ein hyllest til sjølvaste Duke Ellington. "Opp i Otta" av Vamp gjorde også inntrykk, men best i denne avdelingen var den spreke presentasjonen av Jan Magne Førdes klassikar "Bruremarsj", som vi aldri har høyrt spela med ein så svingande sound.



Eit artig "intermesso" i konserten var det då Pål Magne Austnes spela på sin rundt 100 år gamle tuba og Sebastian Lamberg Torjusen på sin susafon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Allereie på dette stadium i konserten dukka Austnes opp med ein tubasolo og demonstrerte til fulle kva som kan

utrettast på dette instrumentet. Etter showmarsjen "St. Tomas" overtok han dirigentjobben frå Anders Christensen og presenterte det som Rosendal-leiar Trygve B. Torjusen kalla eit grensesprengjande prosjekt. Young Blood-musikken som har utspringet sitt i Oregon i USA er ei blanding av så mangt, men stilarten er framfor alt medrivande og inspirerande. Det er ikkje å undrast over at den har spreidd seg som ein farsott også her i landet i dei siste to åra. Men den stiller store krav til utøvarane og dei unge kvinnheringane tok utfordringa! Den låta som dei fleste nikkja gjenkjennande til og som dei nynna med i var "Killing me softly".

Torjusen kjem i programmet inn på at eit prosjekt som dette har større perspektiver enn som så:  
" Skolekorpsene er med på å skape et sunt, engasjert samfunn. Sma investeringer her gir stor avkastning på lang sikt. Dette er verdier som er vel verd å ta bare på."  
Dei to skulekorpsa har i høgste grad levd opp til desse orda i det siste.

Det bør hiller ikkje gløymast at foreldrar har gjort ein stor innsats i samband med Ungt Blod-prosjektet. Det har engasjert mange - på ein positiv måte.

Av Ola Matti Mathisen



Det unge blodet strøyma fritt i Rosendal sundag...(Foto: Ola Matti Mathisen)